



DELEGERINGSREGLEMENT for Gol kommune

Vedtatt i kommunestyret 12.februar 2008 i K-sak 2/08
Endra i kommunestyret 8.mai 2012 i K-sak 25/12

INNHALD

Del I	INNLEIING	s 3
Del II	GENERELT OM UTØVING AV DELEGERT MYNDE	s 3
	§ 1 Retningslinjer for utøving av fullmakt	
	§ 2 Tilbakekalling av fullmakt i enkeltsaker	
	§ 3 Rett til å la vere å gjere bruk av delegert mynde i særskilde høve	
	§ 4 Omgjeringsrett	
	§ 5 Klagebehandling	
	§ 6 Rapportering	
	§ 7 Vidare delegering	
	§ 8 Omgrepet «kurante saker»	
Del III	DELEGERING TIL FORMANNSKAPET	s 4
	§ 1 Delegering etter kommunelova § 8 nr.3	
	§ 2 Budsjettsaker	
	§ 3 Andre saker	
	§ 4 Administrasjonsutvalet	
	§ 5 Delegering etter særlov	
Del IV	DELEGERING TIL UTVAL FOR NATUR OG NÆRING (UNN)	s 7
	§ 1 Delegering etter kommunelova	
	§ 2 Delegering etter særlov	
	§ 3 Andre saker	
	§ 4 Budsjettsaker	
Del VI	DELEGERING TIL UTVAL FOR KULTUR OG LEVEKÅR (UKL)	s 9
	§ 1 Delegering etter kommunelova	
	§ 2 Delegering etter særlov	
	§ 3 Andre saker	
	§ 4 Budsjettsaker	
	§ 5 Barnevernleiar sitt mynde i barnevernsaker	
Del VI	DELEGERING TIL ORDFØRAREN	s 11
	§ 1 Delegering etter kommunelova	
	§ 2 Delegering etter særlov	
	§ 3 Andre saker	
Del VII	DELEGERING TIL RÅDMANNEN	s 12
	§ 1 Delegering etter kommunelova	
	§ 2 Andre saker	
	§ 3 Natur- og Næringssaker	
	§ 4 Kultur- og Levekårssaker	
	§ 5 Delegering etter særlov	
	§ 6 Delegering av mynde til rådmannen i budsjettsaker	
Del VIII	DELEGERING TIL REPRESENTANTSKAPET FOR HALLINGDAL BRANN- OG REDNINGSTJENESTE IKS	s 17
Del IX	DELEGERING TIL FELLES FOLKEVALGT NEMND FOR INNKREVINGS-KONTORET I HALLINGDAL	s 17
Del X	DELEGERING TIL VILT- OG INNLANDSFISKENEMDA	s 17
Del XI	DELEGERING TIL STYRET FOR GOL BYGGDRIFT KOMMUNALT FORETAK (GBKF)	s 17
	§ 1 Delegering etter kommunelova	

DEL I INNLEIING

Dette reglementet regulerer avgjerdsretten som kommunestyret delegerer til andre folkevalde organ, ordførar, rådmann, Gol Byggdrift Kommunalt Foretak (GBKF) og interkommunale organ.

Delegering av avgjerdsmynde er heimla i kommunelova av 25.september 1992 og i ei rekkje særlover og egne vedtak i kommunestyret.

Delegering er heimla i kommunelova slik:

§ 8 nr.3 og § 13 (hasteparagrafen) for formannskapet og faste utval

§ 9 nr.5 for ordføraren

§ 10 nr.2 for faste utval

§ 10 nr.5 for komitear som blir oppretta for førebuaende behandling av saker m.v.

§ 11 nr.3 for styre for kommunal bedrift

§ 23 nr.4 for rådmann

§ 67 nr.1 og 2 for kommunalt føretak

Delegering er også heimla i særlover som er nemnde punktvis seinare i dette dokumentet.

Når avgjerdsretten etter lov er delegert til andre, gjeld det og sentrale forskrifter gitt i medhald av lova eller einskildparagrafar i lova og endringar i lovene. Opplistinga er ikkje uttømmande. Alle organ og administrasjonen må rette seg etter ei lang rekkje lover og forskrifter som ikkje direkte heimlar avgjerdsrett, men som likevel er med på å styre rutinar og forhold til omverda.

Mynde som kommunestyret, formannskapet eller utval vil leggje til administrasjonen, skal delegerast til rådmannen. Rådmannen kan delegere vidare til sine direkte underordna dersom lov eller vedtak ikkje avgrensar høvet til vidare delegering.

Avgjerder om delegering skal vere skriftlege og skal alltid vise til eventuelle vilkår som delegeringa er gitt på, og rapporteringsrutinane ved bruk av delegert mynde.

Saker som pålegg tilsette og politikarar teieplikt etter § 13 i forvaltningslova og eventuelle særlover, skal unntakast frå offentlegheita. Dette vil vere saker som omhandlar personlege forhold på ein slik måte at det kan skade vedkomande eller kommunen dersom saka vart offentleg kjend. Administrasjonen må gjere ei vurdering av dette i kvart enkelt tilfelle.

Når det gjeld habilitetsreglane, gjeld kommunelova § 40 nr.3, jf. Lov av 10.februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker §§ 6 - 10.

Klagebehandlinga følgjer reglane i forvaltningslova som det går fram av §§ 28 - 35.

DEL II GENERELLE REGLAR OM BRUK AV DELEGERT MYNDE

§ 1 Retningsliner for utøving av fullmakt

Alt delegert mynde må brukast i samsvar med lover, forskrifter og retningsliner gitt av overordna organ, og innafør budsjettet sine rammer og føresetnader.

§ 2 Tilbakekalling av fullmakt i enkeltsaker

Eit overordna organ kan krevje å få lagt fram for seg ei konkret sak til uttale eller avgjerd som eit

underordna organ eller rådmannen har til behandling etter delegert mynde.

§ 3 Rett til å la vere å gjere bruk av delegert mynde i særskilde høve

Den som har fått delegert mynde, kan overlate til det overordna organet å ta avgjerder i saker der spesielle forhold gjer seg gjeldande.

§ 4 Omgjeringsrett

Eit overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit underordna organ sitt vedtak i samsvar med § 35 i forvaltningslova.

§ 5 Klagebehandling

Behandling av klage over forvaltningsvedtak følgjer reglane i forvaltningslova dersom anna ikkje er bestemt i den enkelte særlova.

For klager på avgjerder som er gjorde med medhald i kommunelova, er Klagenemda klageorgan når det gjeld vedtak fatta i utvala, av ordføraren, eller av rådmannen.

Kommunestyret er klageorgan for vedtak fatta i formannskapet og styret i GBKF.

§ 6 Rapportering

I samband med årsmeldinga skal kommunestyret ha rapport om bruken av delegert mynde, herunder omfang av saker, klager, røymsler og eventuelle framlegg til endring i delegasjonsrutinane. For særskilde sakstypar kan kommunestyret, formannskapet eller utvala i eige vedtak fastsetje særskilde rapporteringsrutinar. Utvalet fører kontroll med at vedtak innafor utvalet sitt arbeidsområde blir gjennomførde.

§ 7 Vidare delegering

Tildelte fullmakter kan delegerast vidare frå formannskap og utval til arbeidsutval, leiar av utval, ordførar, eller rådmannen i saker av ikkje-prinsipiell karakter.

§ 8 Omgrepet "kurante saker"

Dette er saker av ikkje-prinsipiell karakter. Døme på slike saker er saker der det er klare, ufråvikelege reglar i lov eller forskrift, eller saker der det ut frå lang forvaltningspraksis er klart kva utfallet vil bli. Berre kurante saker, slik dei er definerte her, vil bli behandla administrativt.

Ei sak vert oppfatta som kurant når det føreligg klare retningsliner for korleis saka skal behandlast, og har ein praksis frå behandling av tilsvarende saker. Saker som inneber politiske eller skjønsmessige vurderingar, er ikkje kurante.

Dersom det er tvil om kor vidt ei sak er av prinsipiell betydning, eller dersom det er tvil om korleis ei sak av prinsipiell betydning skal bli behandla i det politiske systemet, har ordførar og rådmann ansvar for å klarleggje dette.

Alle saker som har vore gjenstand for slike vurderingar, og der avgjerda er at saka vert gjeve ei administrativ behandling, skal bli lagde fram for aktuelt politisk utval som referatsak i første møte etter at administrativt vedtak er gjort.

DEL III DELEGERING TIL FORMANNSKAPET

Formannskapet er kommunen sitt økonomiutval, kommunen sitt kommuneplanutval, styre for Næringsfondet, styre for legat som ikkje har andre styre og medlemmane er arbeidsgjevarrepresentantar i administrasjonsutvalet (ADM). Fem av medlemmene utgjer kommunen si Klagenemnd.

§ 1 Delegering etter kommunelova § 8 nr.3

I medhald av kommunelova § 8 nr.3 delegerer kommunestyret til formannskapet mynde til å ta avgjerd i følgjande saksområde:

- Selje kommunale eigedomar og grunn dersom budsjettet føreset sal
- Bruk av kommunal grunn.
- Kjøpe eigedomar og grunn innafor vedtatt budsjett
- Gi innstilling i tilsetjing av administrasjonssjef
- Gi uttale på sentrale personaldokument og viktige politiske dokument
- Ta avgjerd etter kommunelova § 13 (hasteparagrafen i kommunelova) på sine saksområde
- Ha det løpande ansvaret for å inngå avtalar om sal av elektrisk kraft.

Formannskapet kan delegerere sitt mynde vidare. Punkt 1 i vedtak i F-sak 187/94 er retningsgjevande for fullmakta.

Kommunestyret skal likevel avgjere saker som gjeld hovudtrekka i kommunen sin organisasjon, kommunestyret si eiga saksbehandling samt langtidspanar, utbyggingsoppgåver og andre planar og tiltak av overordna og prinsipiell art.

§ 2 Budsjettsaker

Budsjettforskrifta (fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet) regulerer delegeringa av mynde i budsjettsaker. Etter desse skal kommunestyret fastsetje budsjettet i heilskap og føreta vesentlege endringar i dette. Budsjettforskrifta set minimumskrav til budsjettet når det gjeld inndeling og detaljering, jf. § 5 i forskrifta. Det er og sett generelle krav til at budsjettet skal opplyse om dei prinsippa og prioriteringane som ligg til grunn for budsjettet, jf. § 6 i forskrifta.

1. Driftsbudsjettet

Formannskapet

- skal leggje fram eit forslag til driftsbudsjett som minimum viser fordelte nettorammer inndelt etter kommunen si vedtekne organisering i ansvarsområde/avdelingar
- kan etter eiga vurdering velje å leggje fram eit budsjett med ytterlegare detaljering
- vedtek detaljert fordeling for dei delane av budsjettet der kommunestyret ikkje direkte har delegert slikt mynde til andre utval/styre
- får fullmakt til å føreta overføringar mellom dei vedtekne rammene for driftsbudsjettet eller overføring til investeringsbudsjettet innafor rammene for driftsbudsjettet.

Kommunestyret vedtek i årsbudsjettet eventuelle grenser for slike overføringar.

Ubrukte midlar frå driftsbudsjettet bør setjast av til disposisjonsfond.

2. Investeringsbudsjettet

Formannskapet sitt framlegg til investeringsbudsjett skal i tillegg til krava i budsjettforskrifta etter § 5 også vere vedlagt ei oversikt over dei investeringsprosjekta som er tenkt gjennomførte innafor den føreslåtte investeringsramma.

Formannskapet får fullmakt til å disponere den vedtekne investeringsramma.

Kommunestyret vedtek i årsbudsjettet eventuelle grenser/innskrenkingar i denne disponeringa.

3. Organisering av budsjettarbeidet

Formannskapet får fullmakt til å gjere nødvendige vedtak for organiseringa og delegering av budsjettarbeidet for å få fram eit endeleg framlegg til budsjett innan dei fristane som er sette i lov, forskrift og kommunestyrevedtak.

§ 3 Andre saker

1. Formannskapet vel mellom seg eit arbeidsgjevarutval som vurderer og fastset

løns - og arbeidsforhold for rådmannen, økonomisjefen og løns- og personalleiar ein gong per år.

2. Formannskapet skal velje arbeidsgjevar sine representantar til AMU.
3. Innstille i saker som har med politiske organ sine møteprosedyrar, godtgjering til folkevalde og oppnemning av valnemnd.
4. Formannskapet sine fullmakter til å ettergje krav etter Skattebetalingslova vert også gjort gjeldande for reine kommunale krav. Formannskapet får fullmakt til å vidaredelegere sine fullmakter for dei reine kommunale krava til ordføraren.

§ 4 Administrasjonsutvalet

Formannskapet er arbeidsgjevarrepresentantar i administrasjonsutvalet (ADM).

Utvalet har følgjande hovudoppgåver:

- Innstiller i arbeidsgjevarpolitiske dokument
- Innstiller i saker som gjeld hovudtrekka i kommunen sin administrative organisasjon
- Vedtar detaljar i kommunen sin administrative organisasjon
- Behandlar permisjonssøknader ut over reglementet sine bestemmingar, og avgjer høve til ekstraarbeid utanom hovudstilling
- Avgjer tvistar om tolking og praktisering av avtalar, reglement og andre forskrifter som gjeld tilsetjing og arbeidsvilkår for arbeidstakarane.

§ 5 Delegering etter særlov

1. Lov om planlegging og byggesaksbehandling (PBL) av 27.juni 2008 nr.71. Ajourført med endringer, seinast ved lov 8.mai 2009 nr.27, delvis trådt i kraft 1.juli 2009 og 1.juli 2010

Gol kommunestyre har sjølv ansvar for kommunens planoppgåver og er planleggingsmyndigheit, jf. § 3-3, og skal

- etablere ei særskild ordning for å ivareta interessene til barn og unge i all planlegging
- opprette dei faste utval det har behov for, i samsvar med kommunelova § 10 nr.1
- gjere vedtak om kommunal planstrategi, jf. PBL § 10-1
- sikre nødvendig planfagleg kompetanse, jf. PBL § 3-3, 4 ledd
- gjere vedtak om oppstart av arbeid med kommuneplan og utarbeiding av planprogram, jf. PBL §§ 11-12 og 11-13
- legge ut til offentleg ettersyn og gjere vedtak om kommuneplan og kommunedelplan, jf. §§ 11-14 og 11-15
- gjere vedtak i alle reguleringsplanar, jf. kap.12 med unntak av §§ 12-4 femte ledd, 12-12 andre ledd og 12-14 andre ledd.

Formannskapet som kommuneplanutval blir gitt slik delegasjon:

- Innstilling om kommunal planstrategi til kommunestyret, jf. § 10-1
 - Praktisk gjennomføring av arbeid med kommuneplanens samfunnsdel og arealdel
 - Får fullmakt til å avgjera, inngå avtalar og gi uttale på vegne av kommunens i alle saker innan funksjonsområde kommuneplan etter loven.
 - Innstille til kommunestyret kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel
 - Behandle og innstille til kommunestyret planprogram og reguleringsplanar som er i strid med kommuneplanen og kommunedelplanar, jf. Kap. 11 og 12
 - Innstille til kommunestyret den delen av utbyggingsavtalar som gjeld økonomiske forhold.
2. Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern av 17.juni 2005 nr.62
Kommunen sine oppgåver blir delegerte til formannskapet.
 3. Lov om kirker av 7.juni 1996 nr.31
Kommunen sine oppgåver etter § 15 fjerde ledd blir delegerte til formannskapet.

4. Lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd av 7.juni 1996 nr.32
Kommunen sine oppgaver etter § 3 andre ledd, § 9 tredje og femte ledd og § 21 andre ledd, blir delegerte til formannskapet. Avgjerd etter § 9 tredje og femte ledd er vidaredelegert til Kyrkjeverja.

DEL V DELEGERING TIL UTVAL FOR NATUR OG NÆRING

Utval for Natur og Næring (UNN) er kommunen sitt bygningsråd, jordstyre, vegstyresmakt og ureiningsmyndighet.

Utvalet er politisk ansvarleg for dei administrative avdelingane med ansvar innafør utvalet sitt myndeområde.

§ 1 Delegering etter kommunelova

I medhald av kommunelova § 10 nr.2 gir kommunestyret Utval for Natur og Næring mynde til å ta avgjerd i saker som gjeld utvalet sitt ansvarsområde, og som det etter same lov er høve til å delegere til utval, med mindre myndet er delegert til anna folkevald organ eller til rådmannen. Det inkluderer også hastesaker etter kommunelova § 13.

Utvalet skal i tillegg behandle og gi innstilling til kommunestyret i dei sakene som ordføraren vel å leggje fram for utvalet.

I medhald av kommunelova § 10 nr.4 kan utvalet gi leiaren eller eit arbeidsutval mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typar av saker som ikkje er prinsipielt viktige med mindre kommunestyret har bestemt noko anna.

Utvalet skal likevel ikkje ha mynde til å fastsetje reglar eller generelle retningslinjer som kan få innverknad på andre organ eller ledd utanom eige ansvarsområde, eller til å avgjere saker som krev samordna behandling.

Utvalet får same fullmakter som formannskapet innafør sitt budsjettområde i driftsbudsjettet.

§ 2 Delegering etter særlov

1. Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.juni 2008 nr.71. Ajourført med endringer, senest ved lov 8.mai 2009 nr.27, delvis trådt i kraft 1.juli 2009 og 1.juli 2010.
 - a. Vedta og behandle planprogram for reguleringsplanar i samsvar med kommuneplan og kommunedelplanar, jf §§ 12-9 og 4-1
 - b. Vedta og behandle mindre reguleringsplanar i samsvar med reglane i kommunelova når planen er i samsvar med kommuneplanens arealdel, og det er mindre enn fire år sidan den vart vedteken av kommunestyret, jf. § 12-12 andre ledd
 - c. Praktisk gjennomføring av arbeid med reguleringsplanar i medhald av føresegner i plandelen i lova
 - d. Innstille til formannskap og kommunestyre om utbyggingsavtale knytta til reguleringsplanar, jf. kap.17
 - e. Behandle søknader om dispensasjon frå plan og forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag, jf. §§ 1-8, 19-1, 19-2 og 19-3
 - f. Behandle og vedta reguleringsplanar etter § 12-14 andre ledd 3
 - g. Avgjera saker etter kap.32, Ulovlighetsoppfølging (B-delen) med unntak av §§ 32-2, 32-4 og 32-8.
2. Veglova av 21.juni 1963 nr.23
 - a. Med heimel i veglova § 9 blir myndet som kommunal vegstyresmakt delegert til utvalet i alle kurante saker
 - b. Utvalet innstiller i saker etter § 4 andre ledd, § 5, § 7.3 og § 8.
3. Vegtrafikklova av 18.juni 1965 nr.4
Handheve kommunen sitt mynde etter §§ 5, 8, og § 31a.

4. Avgiftslover
(Kommunale vass- og kloakkavgifter, Plan- og bygningsloven (PBL), Forurensningsloven)
Føreslå kommunale gebyr i samsvar med:
 - a. Refusjon for veg, vatn, avløp etter PBL kap. IX, § 109
 - b. Vass- og kloakkavgiftsloven av 31.mai 1974 nr.17
 - c. Forurensningsloven av 13.mars 1981 nr.6, § 34.
5. Lov om friluftslivet av 28.juni 1957 nr.16
Mynde etter § 14 - avgift for tilgang til friluftsområde.
6. Lov om vern mot forurensninger og avfall av 13.mars 1981 nr.6
 - a. I enkeltsaker om utslipp av avløpsvatn der det kan visast til vedtatte retningsliner eller klar praksis, får utvalet delegert mynde til å ta avgjerd, jf. Forskrift om utslipp frå mindre reinseanlegg av 12.april 2000
 - b. Avgjere saker etter lova §§ 7, 16, 18, 20 og 22 andre og tredje ledd, 23, 24, 26, 30, 43 første ledd og 44, 48, 49, 50, 51, 52a, 73, 78 og 79.
7. Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.juni 1977 nr.82
Kommunestyret gjev utvalet mynde til å avgjere saker etter § 5 a (leigekøyring) og § 6 i nasjonal forskrift til lova.
8. Lov om forvaltning av naturens mangfald av 19.juni 2009 nr.100
Kommunen sitt mynde etter lova og forskriftene til lova vert delegert til utvalet med unntak for myndet i dei sakene som kommunestyret i følgje lova ikkje kan delegere vidare. Unntatt er også dei paragrafane som er delegerte til rådmannen.
9. Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom av 28.november 2003 nr.98
Kommunen sitt mynde etter lova og forskriftene til lova blir delegert til utvalet med unntak for dei paragrafane som er delegerte til rådmannen.
10. Lov om jord av 12.mai 1995 nr.23
Kommunen sitt mynde etter lova og forskriftene til lova blir delegert til utvalet med unntak for dei paragrafane som er delegerte til rådmannen.
11. Lov om odelsretten og åsetesretten av 28.juni 1974 nr.58
Kommunen sitt mynde etter lova samt forskriftene til lova blir delegert til utvalet med unntak for dei paragrafane som er delegerte til rådmannen.
12. Lov om skogbruk av 27.mai 2005 nr.31
Kommunen sitt mynde etter lova samt forskriftene til lova blir delegert til utvalet med unntak for dei paragrafane som er delegerte til rådmannen.
13. Lov om ymse beitespørsmål av 16.juni 1961 nr.12, lov 18.mars 1955
Kommunen sitt mynde etter lova samt forskriftene til lova blir delegert til utvalet med unntak for dei paragrafane som er delegerte til rådmannen.

§ 3 Andre saker

1. Gi uttale på fagleg område til fylkes-/statlege dokument
2. Gi uttale i utsleppsaker etter lover og forskrifter om ureining i landbruket
3. Vassverk med fordelingsnett i samsvar med aktuelle lover og forskrifter
4. Kloakkreinseanlegg med leidningsnett i i samsvar med aktuelle lover og forskrifter
5. Renovasjon, jf. Forurensingslova av 13.mars 1981 med forskrifter
6. Fordele tilskot til private vegar, jf. kommunale retningsliner
7. Tildeling av rentemidlar frå jordbruksfondet
8. Tildeling av rentemidlar frå fiskefondet
9. Tildeling av rentemidlar frå skogavgiftsfondet.

§ 4 Budsjettsaker

Utvalet får mynde til å vedta detaljert fordeling innan dei budsjetttrammene kommunestyret har vedteke samt gjere dei endringane innan ramma/rammene som utvalet finn nødvendig i løpet av året.

Utvalet kan og gjere vedtak om overføring frå driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet innafor sine rammer av driftsbudsjettet.

Kommunestyret vedtek i årsbudsjettet eventuelle grenser for utvalet sine endringar/overføringar.

Utvalet får fullmakt til å overføre midlar mellom postane 00 - 39 innan kapittel i eige budsjettområde. Styrking av lønspostar kan likevel berre skje ved overføring frå andre lønspostar eller bruk av meirinntekter som har nær tilknytning til lønspostane.

DEL V DELEGERING TIL UTVAL FOR KULTUR OG LEVEKÅR

Utval for Kultur og Levekår (UKL) er kommunen sitt helseråd, sosialstyre, skulestyre, barnehagestyre og er ansvarleg for kultursaker. Fem av medlemmane utgjør kommunen sitt Klientutval.

Utvalet er politisk ansvarleg for dei administrative avdelingane med ansvar innafor utvalet sitt myndeområde.

§ 1 Delegering etter kommunelova

I medhald av kommunelova § 10 nr.2 gir kommunestyret Utval for Kultur og Levekår mynde til å ta avgjerd i saker som gjeld utvalet sitt ansvarsområde, og som det etter same lov er høve til å delegera til utval med mindre myndet er delegert til anna folkevald organ eller til rådmannen. Det inkluderer også hastesaker etter kommunelova § 13.

Utvalet skal i tillegg behandle og gi innstilling til kommunestyret i dei sakene som ordføraren vel å leggje fram for utvalet.

I medhald av kommunelova § 10 nr.4 kan utvalet gi leiaren eller eit arbeidsutval mynde til å gjera vedtak i enkeltsaker eller i typar av saker som ikkje er prinsipielt viktige med mindre kommunestyret har bestemt noko anna.

Utvalet skal likevel ikkje ha mynde til å fastsetje reglar eller generelle retningslinjer som kan få innverknad på organ eller ledd utanom eige ansvarsområde, eller til å avgjere saker som krev samordna behandling.

Utvalet får same fullmakter som formannskapet innan sitt budsjettområde i driftsbudsjettet.

§ 2 Delegering etter særlov

1. Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester av 24.juni 2011, nr.30
2. Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen av 18.desember 2009 nr.131
Utvalet fastset retningslinjer for kommunale ytingar etter lov om sosiale tenester.
Kommunen sitt mynde etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester blir delegert til utvalet i den utstrekning det er høve til dette, og myndet ikkje er delegert til rådmannen.
3. Lov om helsemessig og sosial beredskap av 23.juni 2000 nr.56
Kommunen sine oppgåver blir delegerte til utvalet i den utstrekning det er høve til dette, og myndet ikkje er delegert til rådmannen.
4. Lov om apotek av 2.juni 2000 nr.39
Kommunen sine oppgåver blir delegerte til utvalet.

5. Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. av 2.juni 1989 nr.27
 - a. Utvalet er kommunen sitt kontrollutval med alkoholomsetninga etter reglane som er gitt i alkohollova
 - b. Utvalet får fullmakt til å vurdere permanent eller tidsavgrensa inndraging av eit løyve dersom skjenking eller sal ikkje har skjedd i samsvar med alkohollova § 8-1 eller retningsliner gitt i medhald av lova
 - c. Utvalet innstiller i løyvesaker og føreslår årsavgift.
6. Lov om opplæring av 17.juli 1998 nr.61
Kommunen sine oppgåver blir delegerte til utvalet så langt det er høve til dette, og myndet ikkje er delegert til rådmannen.
7. Lov om barnehager av 17.juni 2005 nr.64
Kommunen sine oppgåver blir delegerte til utvalet så langt det er høve til dette, og myndet ikkje er delegert til rådmannen.
8. Lov om voksenopplæring av 28.mai 1976 nr.35
Kommunen sine oppgåver blir delegerte til utvalet så langt det er høve til dette, og myndet ikkje er delegert til rådmannen.
9. Lov om folkebibliotek av 20.desember 1985 nr.108
Kommunen sine oppgåver blir delegerte til utvalet så langt det er høve til dette, og myndet ikkje er delegert til rådmannen.
10. Lov om kulturminner av 9.juni 1978 nr. 50
Kommunen sine oppgåver blir delegerte til utvalet så langt det er høve til dette, og myndet ikkje er delegert til rådmann.
11. Lov om stadnamn av 18.mai 1990 nr.11
Kommunen sine oppgåver i samband med namnelova blir delegerte til utvalet så langt det er høve til dette, og myndet ikkje er delegert til rådmannen.
12. Lov om friluftslivet av 28.juni 1957 nr.16
Kommunen sine oppgåver i samband med friluftsløva blir delegerte til utvalet så langt det er høve til dette, og myndet ikkje er delegert til rådmannen, eller Utval for Natur og Næring.
13. Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd av 29.juni 2007 nr.89
Ansvaret for lova vert lagt til utvalet.
14. Lov om pengespill av 28.august 1992 nr.103
Kommunestyret sitt mynde til å prioritere søknader om tilskot av tippemidlane sitt overskot blir delegert til utvalet etter retningsliner gitt av Kulturdepartementet med heimel i kgl. res. av 11.desember 1992 om fordeling av idrettens del av overskotet i Norsk Tipping A/S.

Slik delegering gjeld likevel ikkje dersom det i finansiering eller drift er rekna med kommunal deltaking, og det ikkje ligg føre dekning for slike utgifter i budsjett eller økonomiplan.

§ 3 Andre saker

1. Gi uttale på faglege område til fylkes -/ statlege dokument
2. Tildele tilskot til lag og organisasjonar
3. Ansvarleg for idrett og friluftsliv
4. Ansvarleg for generelle kulturpolitiske tiltak
5. Klientsaker
 - a. Vanskelege saker som administrasjonen har fullmakt til å avgjere, men som det er ønskjeleg å få utvalet sitt syn på
 - b. Saker som det ikkje er praksis på frå før i kommunen, og der det trengst ei prinsipiell avgjerd
 - c. Saker som er så kostnadskrevjande at det går ut over eksisterande budsjett slik at det eventuelt blir nødvendig med ei budsjettjustering, eller søknad om tilleggslyving
 - d. Saker der utvalet sjølv ønskjer ei orientering

- e. Orientering til utvalet om klagesaker som er sende til Fylkesmannen
- f. Utvalet skal ha kvartalsvis rapportering om klientsaker.

§ 4 Budsjettsaker

Utvalet får mynde til å vedta detaljert fordeling innafor dei budsjetttrammene kommunestyret har vedteke samt gjere dei endringane innan ramma/rammene som utvalet finn nødvendig i løpet av året.

Utvalet kan og gjere vedtak om overføring frå driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet innafor sine rammer av driftsbudsjettet. Kommunestyret vedtek i årsbudsjettet eventuelle grenser for utvalet sine endringar/overføringar.

Utvalet får fullmakt til å overføre midlar mellom postane 00 - 39 innafor kapittel i eige budsjettområde. Styrking av lønspostar kan likevel berre skje ved overføring frå andre lønspostar, eller bruk av meirinntekter som har nær tilknytning til lønspostane.

§ 5 Barnevernleiar sitt mynde i barnevernsaker

Lov om barneverntjenester av 17.juli 1992 nr.100

Mynde til å ta avgjerd i alle enkeltsaker som blir behandla etter denne lova, er lagt til Barnevernsleiaren, det vil seie leiar for Hallingdal barnevernteneste, jf. § 2-1 fjerde og femte ledd.

DEL VI DELEGERING TIL ORDFØRAREN

§ 1 Delegering etter kommunelova

Økonomiforvaltning

- Godkjenne endelege rentevilkår og underskrive gjeldsbrev for godkjende lån når lånet er vedtatt i budsjettet
- Godkjenne mellombelse låneopptak til likviditetsføremål
- Tilvise eigne reiserekningar.

§ 2 Delegering etter særlov

1. Lov om omsetjing av alkoholhaldig drikk mv av 2.juni 1989 nr.27
 - a. Godkjenne skjenkestyrar og avløysar/vikar (alkl. § 1-7 b og c)
 - b. Godkjenne salsansvarleg og avløysar/vikar (alkl. § 1-7 b og c)
 - c. Gi skjenke- og salsløyve ved overdraging av verksemd i dei tilfella der verksemda har hatt løyve tidlegare (alkl § 1-10 1. ledd)
 - d. Tildele skriftleg åtvaring ved mindre alvorlege brot på skjenkelova, jf. kommunen sine retningsliner
 - e. Mellombels øyeblikkeleg inndraging av løyve ved grove brot på bestemmingane (alkl § 1-8) Inndraginga gjeld til UKL har vurdert og gjort vedtak i saka.
2. Straffelova av 22.mai 1902 nr.10
Mynde etter § 79 femte ledd, å krevje påtale for straffbare handlingar som vedkomande har gjort seg skuldig i overfor kommunen sine bygningar, materiell, anlegg, leidningsnett og vegar samt lovbrot gjort av tilsette mot kommunen, og straffbare tilhøve mot barn kommunen har i barnevernstiltak, blir delegert til ordføraren.

§ 3 Andre saker

Med heimel i kommunelova § 9 pkt.5, gir kommunestyret ordføraren fullmakt til å setje i verk ekstraordinære tiltak for å avgrense skadar på samfunnet ved ulykker/katastrofar.

1. Godkjenne godtgjering og erstatning for tapt arbeidsforteneste for kommunale ombodsmenn i samsvar med vedtatte reglar
2. Ordføraren tilviser rådmannen sine reiserekningar

3. Etter søknad frita medlem for verv i kommunale organ (KL §15.2)
4. Suspendere medlem i kommunale organ ved sikting eller tiltale etter Strl. kap.11 eller 33 når forholdet rettar seg mot kommunen (KL § 15.3)
5. Rett til å leggje ned og opprette stillingar (KL § 24.1) basert på vedtatt budsjett og handlingsprogram eller som oppfølging av tidlegare vedtak
6. Rett til å tildele inntil 25 000 kroner frå Næringsfondet til enkeltprosjekt
7. Nytte inntil 25 000 kroner frå disposisjonskontoen i kvart enkelt tilfelle til tiltak for utvikling av lokalsamfunnet
8. Ordføraren tek stilling til forslag til Hovudavtale og Hovudtariffavtale
9. Ordføraren kan initiere utgreiing av saker til politisk behandling
10. Ordføraren kan setje ned komitear til å førebu saker og til å utføre spesielle verv.

DEL VII DELEGERING TIL RÅDMANNEN

§ 1 Delegering etter kommunelova

Med heimel i kommunelova § 23 nr.4 gir kommunestyret rådmannen fullmakt til å ta avgjerd i enkeltsaker og typar av saker som ikkje er av prinsipiell betydning - herunder:

1. Personalforvaltning
 - a. Inntak av mellombels arbeidskraft innafor ramma av gjeldande reglement
 - b. Avgjere søknader om permisjonar innafor ramma av gjeldande reglement
 - c. Avgjere spørsmål om flyttegodtgjering innafor ramma av gjeldande reglement
 - d. Tildele tenestetelefon innafor ramma av gjeldande reglement
 - e. Gi påskjøning til tenestemenn, sende blomar, helsingar, kransar o.s.b innafor ramma av reglement og sedvane
 - f. Mellombels utleige av kontorlokal og eventuelt andre kommunale lokal, men ikkje ut over eitt år.
2. Økonomiforvaltning
 - a. Fråfalle kommunal pant for lån i mindre parsellar samt fråfalle prioritet når dette ikkje fører med seg tapsrisiko for kommunen
 - b. Slette hefte på parsellar eller tomter som blir utskild frå hovudeigedom og som får eigne bruksnummer. Det er ein føresetnad at verdien på parsellen eller tomta er liten i forhold til verdien på hovudeigedomen, og at den attverande eigedomen gir god dekning. Det er vidare ein føresetnad at verdien på heftet ikkje overstig 100 000 kroner.

§ 2 Andre saker

1. Fordele støtte til politiske parti etter reglar fastsette av departementet og kommunestyret
2. Avgjere søknader om utbetringsslån, utbetringstilskot, startlån og etableringslån i samsvar med vedtatte reglar samt inngå betalingsavtalar for å sikre ei best mogleg innkrevjing av kommunen sitt utlån. Fullmakta omfattar ikkje sletting eller nedskriving av restlån
3. Forvalte kommunen sine festetomter, herunder føreta regulering av festeavgift i samsvar med kontrakt, gjeldande retningsliner/praksis og godkjenne transport av festerett. Fullmakta gjeld ikkje bortfeste av nye tomter
4. Sal av mindre parsellar (under 1daa) av kommunal eigedom som tilleggstomter, eventuelt gjere avtale om makeskifte innafor same arealgrense. Likeins gi erklæring om bruksrett på kommunal eigedom når dette er tilrådeleg ut frå eigedomen sin karakter og gjeldande planar
5. Avgjere søknad om erverv ved sal av varer på offentleg stad.

§ 3 Natur og næringsaker

- Uttale til søknader om støtte frå Bygdeutviklingsfondet og Innovasjon Norge
- Låneformidling frå Innovasjon Norge
- Tiltak gjennom jordbruksavtalen
- Diverse direkte tilskot til den einskilde landbrukar
- Investeringstilskot og -lån i landbruket (tilskot til skogsvegar, spesielle miljøtiltak i jordbruket m.v.)

- Statistikk for fylke og stat.

§ 4 Kultur og levekårssaker

- Avgjere søknadar om tilskot til kulturføremål innafor fastsette rammer og i samsvar med vedtatte reglar
- Avgjere søknader om tilskot til reduksjon av buutgifter og tilskot til utbetring av eldre bustader.

§ 5 Delegering etter særlov

1. Lov om behandling av personopplysninger av 14.april 2000 nr.31
Mynde til å ta avgjerder i alle enkeltsaker som blir behandla etter denne lova, blir delegert til rådmannen.
2. Lov om arkiv av 4. desember 1992 nr.126
Mynde til å ta avgjerder i alle enkeltsaker som blir behandla etter denne lova, blir delegert til rådmannen.
3. Lov om omsetning av alkoholholdig drikk mv av 2.juni 1989 nr.27
Tre ambulerande skjenkeløyve som er gitt av kommunestyret, kan fordelast av rådmannen (salsløyve eller skjenking av alkoholhaldig drikk for eit einskild bestemt høve, og likeeins søknad om utviding av skjenketida og utviding av skjenkelokale for eit enkelt høve (alkl. § 1-6).
4. Lov om rettshøve mellom grannar av 16.juni 1961 nr.1
Rådmannen får fullmakt til å opptre på kommunen sine vegne i naboforhold.
5. Lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova) av 17.juni 2005 nr.101
Rådmannen rekvirerer kart - og delingsforretningar på vegne av kommunen og møter i desse på kommunen sine vegne.
6. Lov om eierseksjoner av 23.mai 1997
Mynde til å ta avgjerder i alle enkeltsaker som blir behandla etter denne lova, blir delegert til rådmannen.
7. Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.juni 2008 nr.71, ájourført med endringer senest ved lov 8.mai 2009 nr.27, delvis trådt i kraft 1.juli 2009 og 1.juli 2010
 - a. Halde oppstartmøte i alle reguleringsplanar, jf. § 12-8
 - b. Behandle og vedta forlenging av gyldigheit av reguleringsplan (detaljplan) med inntil 2 år om gongen, jf. § 12-4 femte ledd
 - c. Avgjera kurante saker etter kap. 21, 22, 23, 24, 25, 26, 27, 28, 29, 30 og 31 i B-delen i lova
 - d. Gi pålegg om stans eller opphøyr med øyeblikkeleg verknad, jf. §§ 32-2 og 32-4 og 32-8.
 - e. Avgjera kurante dispensasjonssaker etter §§ 19-1 og 19-2 slik det følgjer av UNN sak 21/08 og retningsliner i kommuneplanen datert 06.09.2011
 - f. Gjera vedtak om mellombels forbod mot tiltak, jf. § 13-1.
 - g. Legge planar ut på offentleg ettersyn i samsvar med §§ 12-10 og 5-2. Denne delegeringa skal vera avtalt med utvalseiar i kvart tilfelle.
8. Veglova av 21.juni 1963 nr.23
Avgjerd etter §§ 30-37, 40, 42, 43 og 48 vert delegert til rådmannen.
9. Vegtrafikklova av 18.juni 1965 nr.4
Myndet etter § 5 om oppsetjing av trafikkskilt og merking og § 7, mellombels forbod mot trafikk, vert delegert til rådmannen.
10. Lov om vern mot forurensninger og avfall av 13.mars 1981 nr.6
 - a. Kommunestyret sitt mynde i alle saker av kurant karakter etter §§ 7, 9 nr.1 og 3, 11 andre ledd, 24, 26, 35, 37, 46, 47, 49, 75 og 81 blir delegert til rådmannen
 - b. Kommunestyret sitt mynde etter forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg er delegert til rådmannen.

11. Lov om vassdrag og grunnvann av 24.november 2000 nr.82
Rådmannen får mynde til å ta avgjerd etter §§ 7 og 16.
12. Lov om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag av 10.juni 1977 nr.82
Mynde til å avgjere kurante saker etter §§ 5 b, c, d og e i nasjonal forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og islagte vassdrag, og § 6 i lova blir delegert til rådmannen.
13. Lov om friluftslivet av 28.juni 1957 nr.16
Mynde etter § 20 til å uttale seg om tvilsspørsmål om eit grunnstykke skal reknast som innmark eller utmark etter friluftslova, blir delegert til rådmannen.
14. Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom av 28.november 2003 nr.98
Rådmannen får mynde til å ta avgjerd i kurante saker som gjeld:
 - a. Konsesjon på areal som er ein del av byggeområde som nemnt i PBL §20-4 første ledd nr.1 og § 25 første ledd nr.1
 - b. Konsesjon på eigedom der konsesjonsfridomen er avgrensa, eller sett ut av kraft med heimel i § 7 tredje ledd
 - c. Konsesjon på utbyggingskontrakter som nemnt i § 3
 - d. Gje uttale i saker som ikkje gjeld erverv av landbrukseigedom og vurdering av konsesjonsfritak etter § 4.
 - e. Ta avgjerd i kurante konsesjonssaker der busetjing, oppnådd eigedomsstruktur og pris ikkje er avvikande, men i samsvar med lova og intensjonen i lova.
15. Lov om forpaktning av 25.juni 1965 nr.1
Kommunen sitt mynde etter lova § 4, første til tredje ledd blir delegert til rådmannen.
16. Lov om ymse beitespørsmål av 16.juni 1961 nr.12
Avgjerd etter §§ 12,13 og 14 første ledd vert delegert til rådmannen.
17. Lov om jord av 12.mai 1995 nr.23
Rådmann får mynde til å ta avgjerd i kurante saker som:
 - a. Omdisponering og frådelling etter § 9 og 12 av ubebygde einskildtomter opp til 2 daa
 - b. Omdisponering og frådelling etter § 9 og 12 av areal som grensar til og skal leggjast til tidlegare frådelt tomt, med eller utan bygningar, inntil samla areal er opp til 2 daa
 - c. Frådelling av tomter etter § 12 som det er bygd på, og arealet ikkje er større enn 2 daa, unnateke våningshus, kårhus og driftsbygning
 - d. Omdisponering av dyrka jord etter § 9 til skogsmark for areal ikkje over 25 daa
 - e. Fullmakt til å gje uttale på omdisponering og frådelling i kurante saker etter § 9 og 12, og erklæring etter § 12 fjerde ledd om deling av driftseining
 - f. Nydyrking på areal inntil 10 dekar etter gjeldande forskrift
 - g. Planlegging, godkjenning og bygging av landbruksvegar etter gjeldande forskrift
 - h. Kommunens mynde etter forskrift om gjødselvarer med meir av organisk opphav
 - i. Ta avgjerd i kurante saker etter § 8 og § 8a vedkomande leigekontraktar og driveplikt på landbrukseigedom.
18. Lov om skogbruk av 27.mai 2005 nr.31
Rådmanen får mynde til å ta avgjerd i kurante saker:
 - a. Godkjenne planar for bygging av nye eller ombygging av skogsvegar.
19. Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen av 18.desember 2009 nr.131
Mynde til å ta avgjerd i alle enkeltsaker som blir behandla etter denne lova og fastsette retningslinjer, blir delegert til rådmannen.
20. Lov om frivillig og tvungen gjeldsdordning for privatpersoner av 17.juli 1992 nr.99
Mynde til å ta avgjerd i alle enkeltsaker som blir behandla etter denne lov blir delegert til rådmannen.
21. Folkehelsesloven av 24.juni 2011, nr.29

Rådmannen får delegert mynde og oppgaver innan miljøretta helsevern, herunder tilsynsoppgåver etter lov om folkehelsearbeid (folkehelselova) §9 og utøving av mynde etter folkehelselova §§ 10 – 17.

Delegasjonen omfattar også kommunens uttaler og saksbehandling etter forskrifter som er heimla i folkehelselova kap.3.

Delegasjonen er i samsvar med kommunelova §§ 28a til 28k, og er avgrensa til saker av ikkje-prinsipiell karakter og der vedtak ikkje kan føre til større økonomiske konsekvensar for involverte paratar. Det er ein føresetnad at faglege vurderingar blir tatt i samråd med kommuneoverlegen som har instruksjonsmynde innan det medisinskfaglege for utgreiingsarbeid og saksbehandling som blir utført for kommunen.

Saker av prinsipiell av karakter og saker som kan medføre store økonomiske konsekvensar for involverte paratar, skal saksførebuast og leggjast fram for kommunestyret til behandling.

Folkehelselova § 18 som gjeld offentleg påtale kan ikkje delegerast. Her ligg avgjerda hos kommunestyret.

Når rådmannen fattar vedtak som kan påklagast etter folkehelselova § 9 – 17 kap.3, gjeld dei særskilde klagereglane i denne bestemminga.

22. Lov om kommunale helse og omsorgstjenester av 24.juni 2011 nr.30
Mynde til å ta avgjerd i alle enkeltsaker som blir behandla etter denne lova, blir delegert til rådmannen innafor dei retningslinene som måtte vere vedtatte, med mindre myndet i lova er lagt direkte til medisinskfagleg ansvarleg lege.

Likeins blir myndet etter følgjande forskrifter til kommunehelselova delegert til rådmannen/ medisinskfagleg ansvarleg lege:

- a. Helseforskrifter for Gol kommune
- b. Forskrift for leir -og campingplassar
- c. Forskrift om forsamlingslokale
- d. Forskrift om bassengbad
- e. Forskrift om hygieniske forhold i hytteområde o.l.
- f. Forskrifter om utslepp av avløpsvatn, herunder forskrifter om separate avløpsanlegg
- g. Forskrift om orden, utstyr og hygiene i hotell, andre herberge og serveringsstader
- h. Forskrifter om oppbevaring av avfall og om renovasjon med unntak av førstegongs-godkjenning av nye, større søppelfyllingar
- i. Forskrifter om frisér-/barbér -og skjønnheitspleiesalongar
- j. Forskrifter om dei hygieniske forholda i bygningar og på område som blir nytta til eller i samband med skulegang
- k. Forskrift om drikkevatt m.m. og vassforsyningsanlegg.

- 23.Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern av 2.juli 1999 nr.62
Mynde til å ta avgjerd i alle enkeltsaker som blir behandla etter denne lova, blir delegert til rådmannen.

- 24.Lov om pasientrettigheter av 2.juli 1999 nr.63
Mynde til å ta avgjerd i alle enkeltsaker som blir behandla etter denne lova, blir delegert til rådmannen.

- 25.Lov om helsepersonell av 2.juli 1999 nr.64
Mynde til å ta avgjerd i alle enkeltsaker som blir behandla etter denne lova, blir delegert til rådmannen.

- 26.Lov om helseregistre og behandling av helseopplysninger av 18.mai 2001 nr.24
Mynde til å ta avgjerd i alle enkeltsaker som blir behandla etter denne lova, blir delegert til rådmannen.

- 27.Lov om vern mot smittsomme sykdommer av 5.august 1994 nr.55
Mynde til å ta avgjerd i alle enkeltsaker som blir behandla etter denne lova, blir delegert til rådmannen.
- 28.Lov om rottebekjempelse av 5.juli 1946 nr.1
Rådmannen/medisinskfagleg ansvarleg lege blir delegert mynde etter lova § 6 første ledd.
- 29.Lov om vern mot tobakkskader av 9.mars 1973 nr.14
Kommunen sitt mynde etter lova blir delegert til rådmannen/medisinskfagleg ansvarleg lege.
- 30.Lov om grunnskolen og vidaregåande opplæring av 17.juli 1998 nr.61
Mynde til å ta avgjerder i alle enkeltsaker som blir behandla etter §§ 2-1 første ledd siste setning, 2-11, 5-1, 5-3, 5-4, 7-3, 7-6, 8-1 tredje ledd, 10-9, 13-4 og 14-2 blir delegert til rådmannen.
- Vidare blir § 5 – 7 som gjeld enkeltvedtak om spesialpedagogiske tiltak for barn som går i barnehage, delegert til rådmannen.
- 31.Lov om voksenopplæring av 28.mai 1976 nr.35 med seinare endringar
Mynde til å ta avgjerder i alle enkeltsaker som blir behandla etter denne lova, blir delegert til rådmannen.
- 32.Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere av 4.juli 2003 nr.80
Mynde til å ta avgjerd i alle enkeltsaker som blir behandla etter denne lova, blir delegert til rådmannen.
- 33.Lov om barnehager av 17.juni 2005 nr.64
Mynde til å ta avgjerder etter §§ 8, 10 - 14, 16 - 24 blir delegert til rådmannen.
- 34.Lov om pengespill av 28.august 1992 nr.103
Mynde til førehandsgodkjenning av planar og teikningar av idrettsanlegg som det blir søkt om stønad til av spelemidlane sitt overskot, blir delegert til rådmannen etter retningsliner gitt av Kulturdepartementet med heimel i Forskrifter for fordeling av idrettens andel av overskuddet til Norsk Tipping A/S, gitt ved kgl. res. av 11.desember 1992.
- 35.Lov om folkebibliotek av 20.desember 1985 nr.108
Mynde til å ta avgjerd i alle enkeltsaker som blir behandla etter denne lova, blir delegert til rådmannen.
- 36.Lov om kringkasting av 4.desember 1992 nr.127
Mynde til å ta avgjerd i alle enkeltsaker som blir behandla etter denne lova, blir delegert til rådmannen.
- 37.Lov om film og videogram av 15.mai 1987 nr.21
Løyve til framsyning av film eller videogram i næring og andre avgjerder i enkeltsaker blir delegert til rådmannen.
- 38.Lov om hundehald av 4 juli 2003 nr 74.
Mynde til å ta avgjerd i alle enkeltsaker som blir behandla etter § 6 f i denne lova, vert delegert til rådmannen.
- 39.Lov om offentlege styresmaktens ansvar for kulturverksemd

§ 6 Delegering av mynde til rådmannen i budsjettsaker

- Rådmannen kan avgjere at inntekter utover det budsjetterte, kan nyttast til dekning av beslekta meirutgifter. Dersom kommunen til dømes får inn meir sjukepengerefusjon enn det som er venta, kan det overskytande nyttast til dekning av meirutgifter til vikar.
- Rådmannen har tilvisingsmynde for heile kommunen sitt budsjett.

**DEL VIII DELEGERING TIL REPRESENTANTSKAPET FOR HALLINGDAL
BRANN OG REDNINGSTENESTE IKS**

1. Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlege stoff og om brannvesnets redningsoppgåver av 14.juni 2002 nr.20
Kommunestyrets mynde etter lova, med unntak av §§ 7 nr.3 og 28 nr.2 og 3, vert delegert til Representantskapet for Hallingdal brann - og redningsteneste IKS.

**DEL IX DELEGERING TIL FELLES FOLKEVALT NEMND FOR
INNKREVINGSKONTORET FOR HALLINGDAL**

1. Lov om betaling og innkrevjing av skatt av 21.november nr.2 med tilhøyrande forskrifter og instruksar. Kommunens ansvar er fastsett i lova med unntak av § 42.
Instruks for skatteoppkrevere fastsett av Skattedirektoratet 2.mai 2000 vert delegert til Felles folkevald nemnd for innkrevingskontoret for Hallingdal.
2. Særlover
Kommunens kompetanse til å inndrive og sikre kommunale krav med legalpant, eller inkasso etter særlov blir delegert til Felles folkevald nemnd. Følgjande lover og forskrifter er aktuelle:
 - Plan- og bygningsloven
 - Forurensningsloven §§ 25, 26, 30 og 34
 - Vass- og kloakkavgiftslova § 4
 - Forskrift til Barnehageloven § 15
 - Kommnehelsesloven § 2-3
 - Opplæringslova § 13-7
 - Brannvernloven §28 nr.3
 - Husleieloven § 3-2
 - Forskrift om gebyr for behandling av konsesjonssaker.

DEL X DELEGERING TIL VILT- OG INNLANDSFISKENEMDA

1. Viltlova av 29. mai 1981 nr.38
Kommunen sitt mynde etter lova vert delegert til utvalet.
2. Lov om innlandsfisket av 15. mai 1992 nr.47
Kommunen sitt mynde etter lova vert delegert til utvalet.

**DEL XI DELEGERING TIL STYRET FOR GOL BYGGDRIFT KOMMUNALT
FORETAK (GBKF)**

Foretaket er oppretta etter kommunelova kap.11 og skal drivast etter same samt etter vedtektene som kommunestyret har vedtatt.

§ 1 Delegering etter kommunelova

1. Styret fastset husleiger for familiebusadene som kommunen eig.
2. Styret er og kommunen si plan og byggjenemnd.